

STYREMØTE 22.februar

kl.18 på biblioteket

Desse møtte: Solveig, Bjørg, Nelly, Mette Marie, Anne, Sunneva.

Sak 19/-22 Referat og orientering

* Bildeplakaten A3 blir fullført neste veke, veke 9, av Mette V og Kristi.

Satsar på rammer frå Clas Ohlson.(Solveig)

Bildepris etter pris på ramme.

* Skuleprosjekt- Bondelaget v/Kristin Sandnes -

Kan vere aktuelt med samarbeid VBK og Bondelaget til hausten.

Sak 20/-22 Medlemstreff 10. mai

På Lagsrommet Martin Linge-huset kl. 18.

Mars-vertinnene (Anne, Liv E, May og Bodil) har ansvar for møtet og tingar stor marsipankake (Anne).

Åresal, Mette Marie har ansvar for gevinstar.

Program - lese litt frå jubileumsboka.

Allsong med musikk (Bjørg undersøker).

Skriv i avisa om VBK og 90 års feiring (Solveig).

Blomar til eldre medlemmer Lilly, Karen, Nikka (Nelly).

Petra får blomar seinare.

Sak 21/-22 Jubileumsmiddag

fredag 13. el. laurdag 14. mai.

Musikkunderholdning v/ Sten Even Holstad (Bjørg).

Medlemmer med fylgje betaler 300 kr. pr person.

Invitasjon elles til Cecilie frå NBK- administrasjonen,

fylkesleiar og fylkesfadder, ordførar i Fjord,

leiar i Norddal, Sunnlyven og Ørskog bygdekvinnelag,

Bondelaget og 4H lokalt (Solveig).

Sak 22/-22 8.mars

Samarbeid om tilstelling 8. mars er ikkje aktuelt.

VBK har jubileumsfeiring 10.mars.

Sak 23/-22 Bygdafest 9.april

VBK er bedne om å stille med 3 personar og 1 skuffekake.

VBK er positive.

Nelly, vara Mette Marie, bakar.

Anne stiller som hjelpar, spør om 2 andre på medlemstreffet.

Sak 24/-22 Olsokdeltaking

VBK er positive.

Bjørg refererte frå møtet om olsok.

Lag som stiller opp, får inntekta av sitt sal.

Bjørg blir VBK-representant i arbeidsgruppa.

Sak 25/-22 Eventuelt

* Trykking av jubileumsbok med frist 1.sept.

Audun Skjervøy kom med prisoverslag for 400, 500 eller 600 bøker.

Søknad om pengestøtte til Sparebanken, Gjensidige, Fjord.(Solveig)

* Jubileumslotteri blir avlyst.

* Nyføddgåve - Nelly skal vere kontakt.

* Jubileumsstand 12.mars med sal av dialektordbilde og smaksutdeling av frukt.
Skriv ut til medlemmer om kven som kan stille på (Sunneva).
Trequ 2 lag med 3 personar, 1.lag kl. 11-13, (Anne stiller her) 2.lag kl. 13-15.
Diverse frukt- oppskjering kl. 11, sal 12- 15, rydding på slutten.
Kontakte Hans Olav om plass - løyve og lån av bord (Nelly).

* Skulemat - skriv i avisa - let det liggje så lenge.

Sunneva Linge skrivar